









# Vekeplan for 7.steg, veke 49

	MÅNDAG 4/12	TYSDAG 5/12	ONSDAG 6/12	TORSDAG 7/12	FREDAG 8/12		
1	08.50 09.35	7A: Norsk 7B: Matte	Tur til museet på Kaupanger  Ta med: nistepakke og gode klede    Retur: ca. 14.15	7A: Norsk 7B: Engelsk Framføring om Australia	Adventssamling		
2	09.35 10.20	Generalprøve i Saften  		7A: Engelsk Framføring om Australia	7A: Matte 7B: Norsk	7A: KRLE 7B: Samf.	
3	10.35 11.30			Matte	7A: Samf. 7B: KRLE	Mellomsteget musiserer	
4	12.00 12.45			Norsk	7A: KRLE 7B: Samf.	K&H	
5	12.45 13.30			Norsk		K&H 	KRØ
6	13.45 14.30						
				Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.	Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.		
<b>ENGELSK</b>  <b>Til onsdag/torsdag:</b>	Dei som ikkje har presentert om Australia, øver godt på manuset sitt, slik at alle er klare til framføring onsdag (7A) og torsdag (7B). Dersom nokon er vekke desse dagane, presenterer de med ein gong de kjem tilbake 😊  I 7A har desse allereie presentert: Sebastian, Eili, Linnea, Oliver I 7B har desse presentert: Lars, Christian, Tarjei, David, Sara, Julie, Helge						
<b>NORSK</b>  <b>Til torsdag:</b>	Øv på manuset ditt til rollespelet						



Fag:	Tema og mål:
Norsk:	Dramatisering: Beskrive kjenneteikn ved drama. Opptre i ulike rollar i dramaaktivitetar. -Bruka kolon, replikkstrek og sitatteikn rett.
Matematikk:	Brøk: -Utvide og forkorte brøkar. Addere og subtrahere brøkar med ulik nemnar. Multiplikasjon og divisjon med fleirsifra tal, doble og halvere med desimaltal, multiplikasjon og divisjon med desimaltal.
Engelsk:	Life Down Under: Lese, lytte til og samtale om Australia; kjende attraksjonar, historie, urfolk, dyreliv osv...Munnleg-digital framføring om sjølvvald undertema. Medeleverspons. Introdusere nytt kapittel: Tradisjonar.
KRLE:	Tema: Jul. Ordinær KRLE-undervising utgår denne veka.
Samfunnsfag:	Møte mellom folk: -Reflektere over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endre samfunnet. – Reflektere over korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte.
Musikk:	Mellomsteget musiserar: Læra eit repertoar av songar, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia
Naturfag:	Utgår denne veka
Kunst og handverk:	Læra verdien av design og redesign i eit miljø- og samfunnsperspektiv (bruk og kast-samfunn). Bruke ulike tekstilar og material og setja desse saman med fine samanføyningar. Designe eigne klesplagg som uttrykkjer stereotypar og kulturarv.
Kroppsøving:	Bading: Utføre grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn

## Meldingar til heimen

Måndag er det julekonsert i Saften. Hugs kvit overdel og svart underdel på konserten. Alle elevane må møte kl.17.30, konserten startar kl.18.00.

Tysdag reiser vi på museet på Kaupanger. Bussen går frå skulen klokka 9. Vi er tilbake på skulen ca. 14.15. Vi har fått spørsmål frå museumspedagog Marit Sofie Sandvik om vi ynskjer grautservering. Dette kostar 50kr per pers. Av omsyn til gratisprinsippet har vi takka nei. Elevane må difor ha med seg vanleg niste denne dagen. Andre klassar, som også er på museumsbesøk denne dagen, kan ha andre ordningar. Dette til informasjon.

Skulen har gått for leksefri i desember, med unnatak av leselekse. Det er viktig at alle les leseleksa NB! Det vert ikkje leksehjelp i desember.

Mvh Odd Ivar og Gunnvor



Odd Ivar Rygg 7A  
e-post: odd.ivar.rygg@sogndal.kommune.no  
Mobil: 948 33 011

Gunnvor Tisthamar Røysum 7B  
e-post: gunnvor.tisthamar@sogndal.kommune.no  
Mobil: 951 60 980